

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2

FEBRUAR 1989

43. årg.



KOR VART VINTEREN AV ? BERGO, NYÅRSDAGEN 1989

Nytt år

*Omgitt av gode makter går vi trygge
og trøstefulle inn i ukjent år.
Når Gud er med oss kan vi rolig bygge
vårt håp på Ham hver nådedag vi får.*

*Vår gamle synd vil lett vårt livsmot kvele,
og tunge dager tynger oss mot jord.
Å Herre, gi vår trette tro den hele
og fulle glede ved ditt frelsesord.*

*Og må den bitre kalk vi engang drikke,
til randen fylt av smerte, hjelp oss da
å ta imot, og takke deg, og ikke,
i angst og avmakt glemme hva du ga.*

*Vi tror du atter fred og glede sender,
og sol som stråler med fornyet glans.
Vi glemmer det forgagne, og bekjenner,
din død er vår — og vår din seierskrans!*

*La varmt og stille lyset fra deg flamme,
det du har tent i verdens mørke natt.
Før oss den vei som alltid er den samme,
mot målet du for dine barn har satt.*

*Når stillheten og freden om oss bredes,
la oss da høre kirkeklokkens klang
og lovsangstoner fra et folk som gledes:
Din børneflokk som hilser deg med sang.*

*I barnlig tillit kan vi møte året
og trøstig ta imot hver nye dag.
Gud går med oss! På faderarmer båret
vi møter nattens fred og dagens jag.*

Etter Dietrich Bonhoeffer 1944/45
ved Gunleif Myhren

Den kjende tyske teolog og motstandsmann Dietrich Bonhoeffer, var berre 39 år då han vart avretta i april 1945, etter uredd og open kamp mot nazismen.

Dette diktet skreiv han i fengslet ved årsskiftet 1944/45. Eg fann det i Agderposten nyttårsaftan 1987, i norsk gjendikting ved Gunleif Myhren, pensjonert rektor i Arendal.

Eg tykkjer det har noko å seia oss òg, som nett no har gått inn i ukjent år.

Liv Sæther

KJÆRE LESARAR!

Vel møtt til eit nytt år med kyrkjebladet!

Eg vil nytta høvet til å takka alle dykk som trufast støttar bladet økonomisk. Vi er jo avhengige av friviljuge gåver for å gje ut bladet. Økonomien ballanserar akkurat, og vi vil også i år leggja ved ein innbetalingsblankett.

Likeeins vil eg takka alle som sender stoff til bladet. Utan at de som bur rundt ikring i det vidstrakte preste-gjeldet vårt, sender meg nokre ord eller gjer meg tips, er det vanskeleg for meg å dekkja alle dei ulike kyrkjelydane. Vi vil jo helst at alle skal finna noko som gjeld for den staden dei bur. Så ver venlege å ta kontakt dersom de veit om noko som de trur kan vera av interesse for bladet.

Dette nummeret blir eit blad som skal prøva å dekkja ulike tider i kyrkjeåret. Vi har nett gått over i eit nytt år, vi er inne i fastetida og det nærmar seg raskt påske. Bladet vert prega av at vi gjerne vil markera alle desse ulike tidene. Kanhende vil bladet verka litt rotet, men eg vonar at de finn ein tråd gjennom det heile: Guds kjærleik til oss og omsut for oss – og hans ønske om at vi skal gje vidare av alt det vi har fått.

Må Gud signe dykk alle i det nye året! Må han gje dykk glede, fred og tryggleik!

Helsing Tove Margrete



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer. Frist for innlevering av stoff er 1. april.

Tove Margrete

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 50,-
Postgiro 5 72 34 73
Bankgiro 3500.50.13117
Bladstyrar: Tove Margrete
Nordmark, Boge,
5270 Vaksdal
tlf. 59 72 01
Kasserar: Asle Georg Karlsen,
Boge, 5270 Vaksdal
tlf. 59 72 32
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

ØNSKEDIKTET

Tida tek
sine åretak

No stig eg i båt og legg frå land.
I sol ligg min barndom lauga.
Der hegna meg mor si trygge hand,
der vakta meg far sitt auga.

Tida tok sine åretak.
Barndomslandet kverv der bak.

Duve, min båt,
vogge i vind,
bere meg fram,
føre meg inn -!

Frå sør hjem eit vårleg grågåstrekk,
flyg over på sterke venger.
Det helsar meg håst og pløyer vekk -
Kva er det som hjarta sprengjer?

Tida tek sine åretak.
Hugen ung og om og vak -

Duve, min båt,
vogge i vind,
bere meg fram,
føre meg inn -!

Det hender at sjæen skavlar seg,
og farkosten hagg i båra,
at havskodda løyner lei og veg
og sjøsaltet svir i såra.

Tida tek sine åretak.
Sjeldan mannen ror i mak.

Duve, min båt,
vogge i vind,
bere meg fram,
føre meg inn -!

Og sjekta mi skjer sin bylgjeplog
og ritar si skrift på yta.

Det skifter frå storm til stille sjøg.
Kor lenge får båten flyta?

Tida tek sine åretak.
Vind og sjø vert logn og spak.

Duve, min båt,
vogge i vind,
bere meg fram,
føre meg inn -!

Når sliten og når til siste strand,
vil båten bli lagd for ile.

Ein pilegrim finn sitt lovnadsland,
ein ferdamann får si kvile.

Tida tek sine åretak.
År og tid er Herrens sak.

Duve, min båt,
vogge i vind,
bere meg fram,
føre meg inn -!

Sigurd Engesæth

Dette vakre diktet er sendt oss av
Anfin Trettenes. Han fann det i eit
julehefte medan han låg på sjukehus
i jula.

Eit julekort

I år fekk eg eit julekort som eg
aldri har sett so stor pris på, som
nett dette kortet eg fekk i år.

På kortet var det 2 barn som såg
opp på sola, som lyste ned som eit
kors. So stod det skrive oppi kanten
av kortet:

Sannelig jeg sier dere: Uten at
dere vender om og blir som barn,
kommer dere ikke inn i Himmelen
Matt. 18,3

So snudde eg kortet og skulle lesa
God jul. Men det stod ikkje det. Men
heile denne fine songen var trykt på
kortet. Eg las denne kjære songen.
So kom eg til andre verset, som eg
rekna som mitt. Der står det so fint:
Hans øye følger meg. So heilt til
slutt på kortet stod det: Ei signa
jolehelg og eit godt nytt år. Helsing
soknerådet.

Stammes sokneråd pleier senda ei
julehelsing til alle oss eldre kvar
jul. Tusen takk for alle julehelsing-
ane!

Margit Kvamme

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,
jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.


Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,
for natten vil han råde med hellig guddomsakt.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånne, han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vånne på veg til himlen inn.

Erling Tobiassen, 1932

FASTETID



Se, vi går opp til Jerusalem
i hellige fastetider
og ser hvordan Jesus, Guds egen Sønn,
i stedet for syndere lider.

Denne salmen frå Norsk Salmebok seier mykje om fastetida.
denne tida i kyrkjeåret har sitt eige preg. Vi går liksom
i lag med Jesus opp til Jerusalem. Vi førebur oss på
påskan ved å grunna på hans store kjærleik, slik han synte
seg dei siste timane - i Getsemane-hagen og på Golgata.

Å, hvilke dype saker,
hvor undres vel min sjel:
Se, Herren døden smaker
istedenfor sin trelle!
Den Herre Kristus, gud og mann,
for meg, fortapte synder,
gikk under dødens bann.

Her møter vi kjærleiken som er sterkare enn døden. Jesus
gjekk med opne augo inn i det djupaste mørkret - med all
verda sine synder lagt på seg. Det er eit under - ikkje
til å forstå for snusfornuftige hjerner, men til glede og
von for menneske i angst og naud.

Lær mi sjel kor du laut lida,
syn meg såret ditt i sida,
styrk og nør mi veike tru.
Syn meg dine merkte hender,
så eg frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen, du.

Kjell Arne Norum

Salmeversa er frå nr. 128, 105 og 130 i Norsk Salmebok.

Mor Teresa og medarbeidarane oppsøker all slags fattigdom:

— Det verste er å vera gløymt

Søster Georgiana heiter ho og har vigd livet sitt til dei aller fattigaste. Ho er ein av Mor Teresas over 3 000 kjortelkleddede medarbeidarar i Missionaries of Charity, rørsle av «hjarde som kan elska og hender som kan tena», slik Mor Teresa sjølv seier det. Georgiana sitt hjarte og hender er hos dei elendige i Dar es Salaam i Tanzania.

«Rennesteins-helgenen» kallar folk Mor Teresa. Namnet passar nok også på Georgiana og på fleirtalet av medarbeidarane, der dei tar seg av folk samfunnet på ein eller annan måte har slengd frå seg i 84 land over heile verda.

Spedalske i India, jordskjelv-offer i Nepal og El Salvador, fattige svarte i Sør-Afrika, men også arbeidslause i New York, foreldrelause i Portugal, svoltne i Paris, heimlause i London, dødsdømde i California og Aids-pasientar i Washington — alle høyrer til dei statuslause gruppene som Missionaries of Charity har som kall å vera hos.

— Svoltne folk finst overalt. Men fattigdom er ikkje bare mangel på mat. Det er mangel på kjærleik. Og eg skal seia deg at der er meir menneskeleg varme i Calcutta, kor folk er villige til å dela det dei har, enn i mange av landa som ikkje manglar noko, seier Mor Teresa i eit intervju med Det Beste.

Fredspris til 2 000

Det var i Calcutta det starta. Den opphavelig kosovo-albanske nonna Agnes Gonxha Bjaxhiu, rektor ved ein katolsk vidaregåande skole i Calcutta, fekk kallet om å forlata klosteret og gå ut i slummens stank og svolt og sjukdom. I 1950 blei Missionaries of Charity



Søster Georgiana er ein av over 3 000 «rennesteins-helgenar» i Mor Teresa si globale rørsle. Oppgåvene hennes ligg hos dei utstøytte i Tanzanias hovudstad Dar es Salaam, eit prosjekt som Kirkens Nødhjelp støttar. (Foto: Håkon O. Lislerud, Kirkens Nødhjelp)

stifta og fenomenet Mor Teresa blei fødd.

I 1979 fekk ho Nobels fredspris og kom i sandalar og sari til desemberkalde Oslo for å bli feira. Det var ikkje så lett som det plar vera å få gjort krus på fredspris-vinnaren; ikkje ville ho bu i Nobel-suiten på Grand når ho kunne losjera hos St. Joseph-søstrene. Og ikkje skulle ho ha æresmiddag — ho ville heller ha ein sjekk på summen som dei hadde tenkt å bruka på måltidet. Pengane brukte ho til julemiddag for venene sine i Calcutta. 2 000 personar gjekk mette frå bordet den dagen.

«Politikk er Guds sak»

Mor Teresa og medarbeidarane hennes er blitt ei global rørsle som går rett inn i vanskelege politiske konfliktområde på dei fattiges side. Likevel turrar dei ikkje styresmaktene. Når Mor Teresa får spørsmål om ikkje ho og rørsle burde bruka meir tid på å slåst mot dei grunnleggjande årsakene til nød, er ho nok så kontant:

— Det er Guds sak, ikkje mi.

Dela med seg. Vera noko for andre. Alle kan ikkje bli Mor Teresa'ar, alle kan ikkje dra til Calcutta og via seg til dei fattige. Men alle kan gjera Mor Teresas nestekjærleik til sin og sjå seg om i nærmiljøet og i verda utanfor etter folk som treng den. Der finst mange sjansar til å hjelpa. Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er ein slik sjanse.

Som Mor Teresa seier:

— Noko av det verste som kan skje med eit menneske, er å ikkje vera noko for nokon.

— I fastetida ynskjer mange å dela med verdas fattige. Det blir aldri umoderne å hjelpa, skriv innsamlingsleiaren i Kirkens Nødhjelp.

Fasteaksjonen — heilt mellomaldersk?

Har Fasteaksjonen overlevd seg sjølv? I ei tid der fasten heilt har mista sitt opphavelige innhald for folk flest, kan det vera grunn til å spørja.

Nå er ikkje fasteaksjonen «Brød for verda» eldre enn 22 år, men store endringar har skjedd i løpet av desse åra. Tanken om at vi skal ofra litt og leva enklare ein periode for å kunna dela med dei fattige, er ikkje særleg vanleg lenger.

Mellom dei få fastetradisjonane vi har halde på, er fastelavensbollar og -ris. Karneval (som etter tradisjonen skal gå av stabelen før oskeonsdag) er hos oss blitt heilt lausrive frå fasten. Nokre stader har vi kveldsandaktar eller gudstenester på onsdagar, der kyrkjelyden kan gå djupare inn i Jesu lidingssooge. Det er godt å ha høve til bønn og meditasjon over kva frelsa vår har kosta. Da vil vi også lettare læra meir om kva det nye livet vi er kalla til, betyr av innsats for vår neste.

I mellomalderen tok dei fastetidaskrav om offer alvorleg. Da skulle ein til dømes ikkje eta feite rettar av noko slag, og det blei fort vanleg å gi dei fattige det ein sparte i fasten.

Denne fine tradisjonen er det Kirkens Nødhjelp gjerne vil ta vare på gjennom fasteaksjonen sin. Derfor er fasteaksjonen heilt mellomaldersk, men likevel ikkje avleggs. Sjølv om folk i dag ikkje ofrar god mat og drykk for å fasta, ønskjer mange å dela med dei fattigaste hos oss.

Det blir aldri umoderne å hjelpa!



Dag Arne Roum, innsamlingsleiaren i Kirkens Nødhjelp



Bær korset

Jesus har mange som elsker Guds rike i himmelen, men få som vil bære hans kors. Han har mange som ønsker et behagelig liv, men få som ønsker lidelse. Han finner mange som vil delta til fest, men få som vil delta i faste. Alle ønsker å glede seg med ham, men få er villige til å lide for hans sak.

Hadde det vært en bedre måte, en mer tjenlig måte å frelse menneskeheten på enn lidelse, ville Kristus ha åpenbart dette i sitt ord og sitt liv. Men han pålegger oss inderlig, både hans egne disipler og alle som ønsker å følge Ham, å bære korset, idet Han sier: «Hvis noen vil følge meg, la de fornekte seg selv, ta korset opp og følge meg».

(Thomas a Kempis)



La retten velle

La retten velle fram som vann, og rettferd lik bekker som aldri blir tørre!

(Amos 5, 24)

Handling nå

Det er livsviktig å føre en politikk som bevarer og styrker ressursgrunnlaget. Menneskehetens muligheter til å overleve står i fare. Men vi kan skape en bærekraftig utvikling. Det krever handling - nå.

(Verdenskommisjonen for miljø og utvikling)

Må motarbeides

Fattigdom og undertrykkelse er vitnesbyrd om at synden er trengt inn i samfunnets måte å fordele ressursene på. Dette er en situasjon som ikke passivt skal tolereres, den må aktivt motarbeides.

(Biskop Andreas Aarflot)

Gud løser

For Gud berger de fattige som roper om hjelp, de arme som ingen hjelper har. Han ynkes over småkårsfolk og redder de fattiges liv. Han løser dem fra tvang og vold, deres liv er dyrebart i hans øyne.

(Salme 72, 12 - 14)

Likegyldighet

Ikke bødler gjør meg redd, ikke halet og torturen, ikke dødens riffelganger ikke skyggene på muren, ikke nettene når smertens siste stjerne styrter ned - men den nådeløse verdens blinde likegyldighet.

(Halfdan Rasmussen)

PÅ VAKSDAL vert fastebøssene sende ut til alle husstandar gjennom posten. Dette vert gjort i veka frå 16. til 20. februar. Då vonar vi at mange kan vera villige til å dela litt med alle dei som ikkje har det så godt som oss.

Soknerådet syter for at bøssene vert samla inn igjen i løpet av den siste veka før palmesundag. Ver venlege å ta godt imot innsamlarane når dei kjem!



Maria gjestar Elisabet

Nokre dagar etter drog Maria av stad og skunda seg opp i fjellbygdene, til ein by i Juda. Der gjekk ho inn i huset åt Sakarja og helsa på Elisabet. Då Elisabet hørde helsinga hennar Maria, rørte barnet seg i livet hennar. Ho vart fylt av Den Heilage Ande og sa med høg røyst: «Velsigna er du mellom kvinner, og velsigna er barnet du ber.»

Då sa Maria:

«Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg over Gud, min frelsar. For store ting har han gjort mot meg, han, den mektige, heilagt er hans namn. Hans miskunn varer frå ætt til ætt for dei som har age for han.»

Maria vart verande hjå Elisabet om lag tre månader; så fór ho heim att.

Gjengitt etter "Bibelen for små og store"
Copyright: Det Norske Bibelselskap

Vi noterer oss

OASE-HELG I BERGEN, 10.-12. MARS 1989

Vi ønsker velkommen til OASE-HELG i Landås Kirke i Bergen 10.-12. mars 1989.

Talere blir blant andre: Sogneprest Kjell Petter Dahl sykepleiekonsulent Klara Lid, Oslo og Jens Petter Jørgensen. Daglig leder i Oase Norge Tema for Oasehelgen er: «TJEN HERREN MED GLEDE!»
Ta denne helgen med i planene og bønnene og vær hjertelig velkommen til inspirasjonssamling!

OASEKOMITEEN FOR HORDALAND.



Familien Maridal til Nepal

15. januar var det avskilsfest for Gullborg og Oddbjørn Maridal og dei tre borna. Bedehuset på Vaksdal var fullsett av dei mange som ville vera med for å ønske lukke til i ei krevjande og spanande oppgåve.

Oddbjørn og eldstemann hadde vore i Nepal heile hausten. Dei kom heim til jul, for å henta Gullborg og dei to jentene. Vesle Lina vart fødd i haust.

No er dei alle reiste til Nepal for Santalmisjonen. Gullborg og Oddbjørn er tilsette som lærarar ved den norske skulen for tre år.

Ny klokkar i Vaksdal

Bjørn Knutsen er tilsett som ny klokkar i Vaksdal kyrkje. Vi ønsker lukke og signing i tenesta.

Barneforeininga Solglimt

Først vil eg få takka alle som var med og tok lodd og gav gevinstar til adventsbasaren. Vi har no sendt pengane til Den Norske Santalmisjon og Det Norske Misjonsselskap.

Korleis det no kjem til å gå vidare med barneforeininga, er litt usikkert. Ei av dei som har vore med i mange år, vert av ulike grunnar ikkje med meir. Då seier det seg sjølv at ein person ikkje kan klara det åleine. Så no er det opp til Vaksdalsfolket å melde seg til teneste ei stund kvar 14. dag i Prestebustaden. Kanhende er dette noko for deg som er ny i bygda?

Kva gjer vi på samlingane? Då her vi andakt, song, formingsaktivitetar og av og til besøk av misjonarar som viser lysbilete o.l. Av og til kosar vi oos med brus og bollar.

Så no ventar vi berre på at telefonen skal ringja! 59 73 40
HAUSTEN ER STOR, MEN ONNEFOLKA ER FÅ!

Leirstaden Fagertun

Internatet på Fagertun er no kome under tak, som dei fleste veit. Vi har kome i gang att med dugnadsarbeidet. Ungdommar frå Eksingedalen, Osterøy og elles her frå prestegjeldet har hjulpet til. Vi takkar for all hjelp vi kan få når det gjeld dugnad og midlar.

Er du interessert i vera med på dugnadsarbeid, kan du ta kontakt med Odd Alvheim på telefon 59 50 58, og dersom du vil gje ei gåva til Fagertun, send ho til Ungdomsrådet, Norges Samemisjon, Bergen krins, Øvregt. 10, 5003 Bergen. Postgiro 37 89 765
Merk talongen: Fagertun. internatet.

Inge Christian Meidell



Grunnskulen

250 år

Frå kyrkja si side vil vi gratulera skulen med "bursdagen"!

Grunnskulen tok til som ein kyrkjelydsskule. Og i dei 250 åra som har gått, har skulen gjeve grunnleggjande kristen kunnskap, verdiar og haldningar til stadig nye generasjonar.

Vi er glade for samarbeidet mellom kyrkje og skule i Vaksdal, og vi vil gjera vårt for at det skal halda fram!

Professoren



LEIRAR PÅ FAGERTUN PÅSKA 1989

Påskeleir I: Tid: 18.-21. mars
Pris: 200 kroner
Syskenmoderasjon: 20 kroner pr. pers.
Alder: 3.-6. klasse

Påskeleir II: Tid: 22.-27. mars
Pris: 350 kroner
Syskenmoderasjon: 20 kroner pr. pers. der foreldra betalar leiren.
Alder: Frå 7. klasse og oppover.

Reisekostnadane med bussen frå Dale er kr. 40 kvar veg for vaksne og kr. 20 for born.
Skitrekkjet står til rådvelde på begge leirane.

Påmelding: Norges Samemisjon
Bergen krins,
Øvregata 10,
5003 Bergen
Tlf. 31 65 06

eller til
Odd Alvheim, tlf. 59 50 58

Møteveke på Vaksdal

Vaksdal sokneråd skipar til ei møteveke i kyrkja i månadsskiftet februar/mars med gen. sekr. Odd Sverre Hove som talar. Programmet vert slik:
Tirs. 28.2. Kveldsmøte
Ons. 1.3. Kveldsmøte
Fre. 3.3. Songkveld
Lør. 4.3. Familiesamling på bedehuset
Søn. 5.3. Høgmesse

Vaksdal gravplass ny bruk av gamle graver

På Vaksdal kyrkjegard vil vi no ei tid framover ta i bruk gamle graver. Det vil seia at graver som er over 30 år gamle, og som står utan gravminne, kan verta nytta. Dersom nokon har spørsmål om dette, kan dei ta kontakt med kyrkjeverje Nils O. Farestveit.

KANO

Møteveke i Eksingedalen

Nordhordland Indremisjon skipar til møteveke i Eksingedalen i månads-skiftet mars/april. Talar vert Leiv Nesheim. Møtene vert på Nesheim og Flatekval i tida 28. mars til 2. april. Søndag 2. april vert det gudsteneste, der soknepresten vil forretta.

Vel møtt!

NORSKE KIRKEDAGER

Under åpen himmel

1 BODO 5. - 9. JULI 1989



Utbetringar i Eidsland bedehuskapell

No er bærerommet i Eidsland kapell ferdig. Kyrkjefolket vart viste det nye rommet etter gudstenesta 5. februar. Arbeid har vore i gang sidan i november, og no er det lagt nytt golv, det er kome nye benkar, og både tak og veggjar er pussa opp. Ein er svært glad for å ha fått eit rom som no er høveleg til slik bruk.

I tillegg til dette er det også fjerna ein vegg i sakristiet. I staden for den veggjen er det no kome ei foldedør inn mot møterommet. Dette gjer det mogeleg å nytta romma på ein betre måte.

Soknerådet er svært godt nøgd med desse endringane. Og det neste, stor ønsket no er å få nytta loftsetasjen til ungdomsarbeid. Vi får håpa på fleire gode meldingar frå Eidsland om ikkje alt for lenge.

Komiteen som førebur Norske Kyrkjedagar -89, fekk eit hyggjeleg brev frå Sør-Afrika. Fredsprisvinnaren erkebiskop Desmond Tutu sa ja til å kome til Kyrkjedagane i Bodø 5.-9. juli i år. Tutu som fekk Nobels Fredspris i 1984 for sitt fredelege opprør mot Sør-Afrikas ukristelege apartheid-styre, er invitert til Kyrkjedagane av to grunnar. Den anglikanske erkebiskopen av Cape Town er ein stor forkynnar med ein klår evangelisk bodskap, og han har makta å omsetja forkynninga av kjærleikens bodskap til politisk handling i eit av dei verste konflikt-områda i verda.

På Kyrkjedagane vert Tutus heilstøpte vitnemål eit viktig programinnslag.

SCIENTOLOGI -

svindel under religiøst dekke

Av John Einar Sandvand

* En far opplever for fjerde gang at sønnen legges inn på psykiatrisk sykehus. selv kausjonerte han en gang for et lån sønnen tok opp for å gå på kommunikasjonskurs. Nå må faren betale gjelden.

* En kvinne opplever at hennes ekteskap brytes i stykker. Mannen har skuslet bort en milliom kroner hos scientologene, og de klarer ikke lenger å kommunisere med hverandre.

Dette er skjebner i kjølvannet av scientologisekten i Norge en autoritær bevegelse som liker å skjule sine overgrep under dekke av religionsfriheten.

- Scientologi er ikke mer religion enn Samvirkelaget, slo avisen Vårt Land fast i en større artikkelserie om nyreligiøse bevegelser. Det aller meste av scientologenes aktiviteter går ut på å tyne medlemmene for penger. "Scientologikirken" har søkt om å bli registrert som trossamfunn i Norge, men søknaden ble trukket tilbake før den ble behandlet.

Scientologi er en slags blanding av teorier for personlig utvikling og science fiction ispedd litt østlig filosofi og elementer fra andre religioner. Scientologene tror de fleste mentale problemer skyldes en slags ubevisste minner fra fortiden. Ved å bringe disse frem til bevissthet igjen, kan personen frigjøre krefter i seg selv og føle seg bedre. Scientologene tror også på reinkarnasjon og hevder at de ved hjelp av en spesiell teknikk kan huske tilbake millioner av år. Tidligere medlemmer forteller også om en sekt hvor det blir slått hardt ned på det minste tegn til uenighet. Mange norske scientologer har vært tvunget til å drå på oppstrammingskurs i København fordi de begynte å tvile. den interne disiplinlinen er beinhard og tvilere kan bli brakt inn for en egen "etikkrett" hvor de får en "passende" straff.

Kva seier Bibelen om re-inkarnasjon ?

I dei seinare åra er det kome mange tankar og idear frå andre land og religionar.

Tankar om re-inkarnasjon er eit døme på dette. Re-inkarnasjon vil seia at sjela vår etter døden vert fødd på nytt i eit anna menneske, eller i eit dyr.

Som kristne trur vi på Bibelen. Det er boka som inneheld bodskapen frå Gud - den bodskapen som er gjeve gjennom profetar og apostlar. Difor er det viktig at vi prøver nye tankar

på Guds ord, slik det møter oss i Dem heilage skrifta.

Kva seier så Bibelen om re-inkarnasjon?

Bibelen seier: "Like visst som det er så laga at menneske ein gong må døy og sidan få sin dom, slik er og Kristus ofra ein gong for å ta bort syndene åt dei mange..." Slik avvisar Bibelen tanken om at vi skal verta fødde og døy fleire gonger.

Kjell Arne Norum

SKULEN 250 ÅR

Alle barn må gå på skulen!

Det er sjølvsagt i dag, men det var langt frå sjølvsagt for 250 år sidan. Difor kom det ei forordning (lov) 23. januar 1739 om "Skolerne paa Landet". Denne forordninga vart utgangspunktet for allmuge-skulen og seinare for den offentlege folkeskulen i landet vårt.

Tre år tidlegare, i 1736, hadde det kome ei anna forordning som bestemte at ingen barn skulle verta konfirmerte før dei hadde vore på skule og lært det viktigaste i kristentrua. Konfirmasjonslova bygde altså på at alle gjekk på skulen. Det var såleis konfirmasjonen som var den direkte årsak til at allmuge-skulen vart oppretta, og den bestemte innhaldet i lang tid.

SKULEN VEDKJEM KYRKJA

Når skulen jubilerer i år, så vedkjem det i høgste grad kyrkja. Sjølv om mykje er forandra sidan 1739, er det framleis sterke band mellom skulen og kyrkja.

Skulen har i dag ein formålsparagraf som seier at "Grunnskulen skal i forståing og samarbeid med heimen hjelpe til å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding..." Og i skulen sin læreplan, (M 87) heiter det at "kristendommen som kulturarv har betydning for hele skolens virksomhet og kommer konkret til uttrykk i flere av skolens fag". Skulen har òg kristendoms-kunnskap som eige fag. Her står bruk av Bibelen sentralt, på same måte samarbeidet med kyrkje og kristenliv på heimstaden.

Skulen er altså oppteken av å formidle mykje av det same som kyrkja arbeider for.

STØTT OPP OM SKULEN SITT ARBEID

Samfunnet vårt er i rask utvikling på mange felt. Det får følgjer for arbeidet i skulen. Viktigare enn nokon gong er det at skulen formidlar positive verdiar og haldningar. Dette gjev spesielt store utfordringar til undervisninga i kristendomsfaget.

Vi oppmodar alle som har kontakt med skulen til å støtte lærarane i deira arbeid.



Tegnet av Grete Bjerke

HUGS I K O !

Skal barna våre og barnebarna og barnebarnsbarna få god opplæring i kristendomen?

Institutt for Kristen Oppseding er ein god reiskap til denne oppgåva. IKO har heilt sidan starten i 1945 hatt som ei hovudoppgåve å stø opp om skulen si kristendomsundervisning. Instituttet er engasjert i kursverksemd og utvikling av hjelpemateriell og deltek i den offentlege debatt om skulen og om kristendomsfaget.

Ei gåve til IKO vil vere ei støtte til skulen sitt arbeid med formidling av kristendoms-kunnskap og kristne verdiar.

Det er ei investering i vår felles framtid.

MISJON — noko for ungdomsskulen ?

Ungdomsskulen her i Eksingedalen har sidan før jul jobba med misjon i kristendomstimane.

Me byrja med Skrefsrud sin misjon blant santalane i India på 1800-talet. Deretter tok me føre oss misjon i India i dag. Etter at me hadde arbeidd med dette ei stund, venta me besøk av ei dame som har vore misjonær i India. Dessverre døde ho like før ho skulle kome. I staden kom det ein mann frå Santalmisjonen, Olav Furre. Han viste oss lysbilete av ein spedalskeheim og naturen rundt. Naturen i det nordlege India var svært fin, med høge fjell og smale vegar. Bileta fra spedalskeheimen gjorde eit sterkt inntrykk på mange. Til slutt lærte me misjonsbefalinga og ein misjonssong.

Da me var ferdige med India, tok me føre oss misjon i Japan. Me starta med å få vite nokre fakta om Japan i dag. Deretter lærte me litt om religiøse tilhøve i Japan, især om shintoisme og buddhisme. Me las i ulike misjonsblad, og fekk greie på mykje om norsk misjon som me ikkje visste frå før.

I læreboka står det eit utdrag frå dagboka til ein norsk misjonær i Japan. Der las me om korleis kvardagen er for misjonæren og familien hans, og det er litt av kvart, som: møte, lange bilturar, dåpsundervisning, kokekurs, engelskkurs og mykje meir.

Til slutt hadde me eit rollespel, der me delte oss i grupper og spelte ein misjonær som møtte ei indisk jente



Eksingedalen skule, Bergo

som ikkje visste noko om kristendomen. Misjonæren skulle fortelje ho om Jesus. Rollespelet skulle gå føre seg på engelsk, for jenta kunne ikkje noko anna språk enn engelsk og morsmålet. Då skjøna me litt om kor vanskeleg det må vere å misjonere på eit frammandt språk.

Me tykkjer dette har vore ei lærerik tid, og me veit no meir om korleis misjonæranne har det i andre land.

Helsing 7.-9. klasse ved Eksingedalen skule.

KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Har du bil?

Ta andre med deg når du køyrer til kyrkje!!!



Påskeverkstad

I år planlegg ein å arrangera ein påskeverkstad på Stanghelle bedehus. Det er Dale kyrkjelyd som har teke initiativet og som vil

Det er Dale kyrkjelyd som står bak dette, men dei vonar at mange kjem frå heile prestegjeldet.

Det vert lagt opp til formingsaktivitetar for heile familien, og ein får ta med seg heim det ein har laga. Ein betalar for dei materiala ein nyttar.

Elles vert det matpause. Og ein ønsker å leggja stor vekt på det sosiale aspektet ved ei slik samling.

Ein ønsker med dette å få folk til å bruka litt tid på påskeførebuingane. Kanhende kan vi såleis hjelpa kvarandre til ei betre forståing av den bodskapen påska vil gje oss.

VEL MØTT I STANGHELLE BEDEHUS
LAURDAG 11. MARS!



Dette diktet fekk eg i fjor frå ein sambygding, som synes det høver godt i tida rundt påske.

VED JESU KORS

Jesu kors er all min ære,
nåden hans er nok for mig.
Kristi blod, den sanne lære,
viser mig den rette vei:
Hvor som synder jeg må gå
for å frelse kunne få.
Under korset må jeg trede,
skal jeg finn frelsesglede.

Jesu milde øines varme,
det er herlighet for mig.
Når i deres dyp, jeg arme
synder, trygt tør gjemme mig,
da jeg lærer om igjen:
Jesus han er synd'nes venn.
Når jeg ved hans kors mig bøyer,
lyser nåden i hans øye.

Jesu hender er så ømme,
når de tørrer tåren bort.
Og jeg kjenner i mig strømmen
kraften av hvad han har gjort.
All min synd og sorg han bar,
kun i ham min trøst jeg har.
Ved hans kors, jeg synder arme,
finner hvilen i hans arme.

Jesu hjerte, hvem kan måle
dybden av hans kjærlighet?
Kors og død han måtte tåle
for å bringe herlighet
til hver synder her på jord,
som på ham og korset tror.
Jesu kors er all min ære,
det skal mig til himlen bære.

Syllander Brekke
Frå Liv og lengsel, Bergen 1941

DU TOK EIN RØVAR MED TIL PARADIS

Du tok ein røvar med til paradiset.
Der syng han evig no din lov og pris.
Han var den første frukt av døden din.
Må denne lagnad også verta min!


So høg, so djup, so rik di soning er.
Du sjølv ein mordar til ditt rike ber.
Han døyande deg om ein tanke bad,
men fekk eit paradiset, so sæl ein stad.

So er det også von for arme meg.
Eg, Jesus, ber den same bøn til deg.
So skal eg på di rekning målet nå,
i fryd og undring paradiset sjå.

Kor stort, forsonar, at i åndi sterk
du gjorde dette sæle soningsverk!
Det alt deg kosta - no er frelsa fri.
No vil me lova deg til evig tid. -

Trygve Bjerkrheim

Der synda var stor, vart nåden endå
større. Kva skal vi då seia? Skal vi
halda fram i synda, så nåden kan verta
så mykje større? Langt ifrå! Vi som
har døytt frå synda, korleis kan vi
framleis leva i synda? Eller veit de
ikkje at alle vi som vart døypte til
Kristus Jesus, vart døypte til døden
hans? Vi vart gravlagde med han då vi
vart døypte med denne dåpen til døden.
Og liksom Kristus vart oppreist frå dei
døde ved Faderens veldige kraft, skal
vi òg leva eit nytt liv.



Påskemorgen - å se Ham

Gjennom alle trivialiteter
gjennom avsporingene
gjennom den grinende ondskap
å se Ham

Gjennom all møyen
gjennom adspredelser
gjennom rikdom og stor suksess
å se Ham

Gjennom alt, ondt og godt
forblindelser og villfarelser
lykke og ulykke
å se Ham

Som å merke
solen lyse, som å se solen kaste skinn over
alle ting,
å se Ham

Tove Lie
Frå Dikt i utvalg,
Den norske Bokklubben 1988



INGA NY PRESTESTILLING I EKSINGEDALEN OG MODALEN

I fjor vår fekk alle husstandane i Vaksdal prestegjeld rundskriv med spørsmål om dei ville binda seg til å gje pengar til prestestilling på Eidsland, i Eksingedalen og Modalen. Dei som sat i nemnda som arbeidde med denne saka, var Asbjørn Ekse, Per Småbrekke og sokneprest Inge Chr. Meidell. Innan sumaren var over, hadde nemnda fått inn 131 svar. Av desse gjekk 114 inn for å gje tilsaman om lag 17 000 kroner. da dette var alt for lite, gjorde nemnda ny freistnad å spørja dei som svarte ja, om dei ville gje meir. Vi fekk då inn 22 svar. Då fekk vi i nemnda tilsagn om gåver for ein 4-årsperiode på om lag 30 000 kroner årleg frå innbyggjarar i vårt prestegjeld. Det var enno 40 000 kroner for lite.

Einaste måten å få inn det som stod att, var å spørja sokneråda om dei ville spørja nokon om å skipa i stand basarar kvart år som inntekt til presteløna. Men i siste runde var ingen av sokneråda for ei slik løysing. Det synt seg i den spørjerunden som nemnda gjorde, at berre dei som til vanleg gjev mykje pengar til kristeleg og kyrkjeleg føremål,

hadde svart. Difor fann ikkje sokneråda det rett å tyngje desse med ein ekstra basar ved sidan av alle dei basarane og innsamlingane som er til alle gode føremål i kyrkja.

På siste møtet i Kyrkjeleg Fellesråd den 26. januar i år, fekk vi og melding om at Modalen kommunestyre hadde handsama resultat av rundspørjinga om innsamlingsaksjonen til prestestillinga. Då korkje Vaksdal kommunestyre hausten 1987 hadde løyvt pengar til denne prestestillinga, eller nemnda hadde lukkast med dei to spørjerundene for innsamlingsaksjonen, vedtok Modalen formannskap å tilrå Modalen kommunestyre å bruka dei 140 000 kronene som opphaveleg var tenkte til prestestillinga, til noko anna.

Difor avsluttar Kyrkjeleg Fellesråd arbeidet med denne saka, med det resultat at det ikkje vert noko av prestestillinga i Eksingedalen og Modalen.

For Kyrkjeleg Fellesråd
Inge Christian Meidell
sokneprest

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

SLEKTERS GANG

Avlidne



DALE

15.11. Anna Kristina Berge f.1901
13.01. Gustav Bruvik f.1924
29.01. Olav Seim f.1917

BERGSDALEN

01.01. Berta Hatlestad f.1904

STAMNES


13.11. Georg Vik f.1934
21.12. Oven Stamnes f.1916
23.12. Magnus Vik f.1910
29.12. Sofia Bruvik f.1903
12.01. Maria Dyvik f.1902

EIDSLAND

29.11. Olav Eikemo f.1905

VAKSDAL

19.12. Bertha Olina Sæterdal f.1903
08.01. Nils Sæterdal f.1899
27.01. Jenny Sæterdal f.1900



Døypte




DALE

20.11. Rune Kristiansen
25.12. Kristine Søvik Fossmark
25.12. Marius Sellevold Soltvedt
15.01. Katrine Wefring Bjørkheim

VAKSDAL

20.11. Robert Hansen
04.12. Christoffer Boge
25.12. Lina Maridal
08.01. Marthe Njåstad




Vigde



DALE

19.11. Hans Aadland og Anne Meland



VELKOMEN TIL KYRKJE

5.mars - 4.søndag i faste

DALE kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.Offer til Hjemmenes Dåpsring.Utdeling av "Vi går i kyrkja til 1.kl.

VAKSDAL kl.11.00 v/Meidell og gen.sekr. Odd Sverre Hove.

Nattverd. Offer til Den Indre sjømannsmisjon.

EIDSLAND kl.17.00 Fam.gudst.v/Norum. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Fredag 10.mars

NORDGREND kl.16.30 Fastemøte v/Meidell.

12.mars - Maria bodskapsdag

VAKSDAL kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum. Utdeling av "Vi går i kyrkja" til 1.kl. Offer til Søndagsskulen.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

STAMNES kl.17.00 v/Norum.Nattverd. Offer til Stamnes Ving.

19.mars - Palmesøndag

NESHEIM kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum. Offer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsandakt.

23.mars - Skirtorsdag

DALE kl.11.00 v/Meidell.Nattverd. Offer til Kirkens nødhjelp.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

24.mars - Langfredag

VAKSDAL kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

STAMNES kl.11.00 v/Meidell.

STANGHELLE kl.18.00 v/Norum

26.mars - 1.Påskedag

DALE kl.11.00 v/Norum.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL kl.11.00 v/Meidell.Offer til Soknerådsarbeidet.



NESHEIM kl.11.00 St.Markus Ungd.klubb. Offer til Norges KFUK/KFUM.

BERGSDALEN kl.20.00 Lekmannsgudst. V/Birkeland Ungdomsklubb.

27.mars - 2.Påskedag

STAMNES kl.11.00 v/Norum.Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.Fastebøsser.

EIDSLAND kl.11.00 v/Meidell.Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.Fastebøsser.

2.april - 1.søndag etter påske

DALE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Meidell og Leiv Nesheim. Nattverd.

9.april - 2.søndag etter påske

VAKSDAL kl.11.00 v/Norum.Nattverd. Offer til Den Norske Israelmisjon.

16.april - 3.søndag etter påske

DALE kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

STAMNES kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

Offer til Den Norske Santalmisjon.

23.april - 4.søndag etter påske

NESHEIM kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Molde.Nattverd.

VAKSDAL kl.18.00 v/Norum.Nattverd.

30.april - 5.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11.00 Konfirmasjonsgudst. v/Norum.Offer til Fagertun leirstad.